

Austebygd barnehage, 5.desember 2016


AUSTEBYGD BARNEHAGE - ADVENT og JUL 2016

JULESPEL i Emigrantkyrkja, fredag 9/12 – kl. 09.30

Barnehagen har fått invitasjon av prostiprest *Marianne Støylen Skauge* og kyrkjelydspedagog *Wilco Vogelaar* til å koma i kyrkja og sjå *julespel om dei tre vise menn og vandringa til stallen*.

Presten skriv at tanken er at dette julespelet vert kyrkja sitt alderstilpassa tilbod for barnehagane no til jul, medan julegudstensta vil ha skulane som ”målgruppe”.

Austebygd barnehage har takka ja til framsyninga med julespelet i kyrkja, og ønskjer å gå på det som er spesielt tilrettelagd for barnehageborna. For Austebygd barnehage kjem dette julespelet då i staden for å vera med på skulen si gudsteneste, den 15.desember.



Når barnehagen er i kyrkja på fredag, vil me også få høyra litt meir om kyrkja og ein del av det som er å sjå på der, med tanke på temaet barnehagen har om ”Nærmiljøet vårt”. Dette er det også avtalt at presten skal fortelja litt om.


Julespelet begynner kl. 09.30 – så dei som eventuelt ikkje kjem tidleg i barnehagen, kan gjerne koma direkte til Emigrantkyrkja denne fredagen (møt her ca. kl. 09.20). Barnehagepersonalet vil kjøra dei borna som alt er komt i barnehagen til kyrkja i sine privatbilar. Alle vil bli kjørt heim att frå kyrkja.

NB! Difor viktig at de har med bilputtar eller bilstolar til transporten.

MÅNADSSAMLING m/LUCIA, mandag 12.desember – kl. 08.30.

Førstkomande mandag, dagen før Luciadagen, er det barnehagen som har ansvar for månadssamlinga i gymsalen, kl. 08.30.

Denne dagen er det **viktig at alle barnehageborna kjem til barnehagen i god tid før månadssamlinga startar.**



Foreldre som har lyst og anledning til å vera med på denne samlinga, er også hjarteleg velkomne til det!

Med venleg helsing

Torunn Tolleshaug Hovden, på vegne av heile personalet i barnehagen